

# Innkomne merknader ved varsel om oppstart januar 2015

1. Fylkesmannen
2. NGIR
3. Fylkeskommunen
4. NVE
5. BKK
6. Norsk vegmuseum
7. Håkon Vabø, Turgruppen Lindås IL
8. Atle Vaage, Nordhordland Sykkelklubb
9. Nina Larsen
10. Lindbjörg T. Bogevik
11. Elin Gaulen
12. Tore Skår
13. Marcin Gadzinski
14. Svein Tonning og Connie Stormark
15. Geir Rune
16. Thomas Vågenes



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato  
12.01.2015  
Dykkar dato  
09.01.2015

Vår referanse  
2015/511 421.4  
Dykkar referanse  
14/140277

Statens Vegvesen,  
Region Vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

### Til uttale oppstart av reguleringsplan - gang og sykkelveg - Lindås - Fv 57 Skodvin - Vågseidet

Vi syner til brev dagsett 09.01.15 med frist for uttale 13.02.15, og varsel om oppstart av planarbeid for etablering av gang- og sykkelveg langs fylkesveg 57, Skodvin – Vågseidet.

Det manglar i dag tilbud for gåande og syklande på strekninga Skodvin - Vågseidet. Dagens gang- og sykkelveg mellom Konglevoll og Skodvin skule vert med dette forlengja mot nord til Vågseidet bussnuplass, for å gje ei samanhengande og trafikksikker løysing for mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Den nye gang- og sykkelvegen vert planlagt langs vestsida av dagens veg, medan sjølvø køyrevegen skal behalde dagens standard.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet er i samsvar med overordna plan og at det ikkje er i strid med nasjonale føringar for arealpolitikken. I følgje markslagskart AR5 er mykje av arealet langs fylkesvegen ved Løvteit klassifisert som fulldyrka jord. Fylkesmannen ber om at det vert vist omsyn til dyrka mark i vidare planlegging.

Vi minner vidare om at dei konsekvensane reguleringsplanen har for endra arealbruk skal vurderast i høve til naturmangfaldet, og at dette må kome tydeleg fram i planarbeidet, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.

Fylkesmannen vil elles gjere merksam på at ROS-analysen må nytte akseptkriteria som er i tråd med byggtknisk forskrift (TEK 10). Analysen må vidare, som presisert i plan- og bygningslova, sjå på risiko både innanfor og utanfor planområde som kan påverke tiltaket, og eventuell endra risiko som følge av tiltaket.

På nettsida [www.miljokommune.no](http://www.miljokommune.no) kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet.

Med helsing

Arve Meidell  
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



2014140277-8  
363-1263

Statens Vegvesen Region Vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Saknr.: 15-001      Kommune: Lindås      gnr.      Gardsnamn:

### Varsel om oppstart av planarbeid Fv. 57 Skodvin - Vågseidet: Gang- og sykkelveg.

#### Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsender/mottakar	Planstatus	Saksh.
2015/105780	Inn	13.01.2015	Statens Vegvesen v/ Svein Lysø	Oppstart planarbeid	HOK

NGIR har motteke melding om oppstart av planarbeid, og har følgjande merknader:

I Lindås kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Hytter i området nyttar fellesløysingar (hyttekonteinrar). Det viktig at tilkomstvegen – til hentestaden/-stadane og konteinrarane – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta den. Renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Tilkomstveg bør ha fast toppdekke.

Kjevikdalen, 15. jan. 2015

*Henrik O. Kjøpstad*

Henrik O. Kjøpstad  
- kunderådgjevar -



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 03.02.2015  
Vår ref.: 2015/438-4  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.: 2014/140277-2

## **Fråsegn til oppstart av planarbeid - Fv.57 Skodvin - Vågseidet - Lindås kommune**

Vi viser til brev datert 09.01.2015 om oppstart av arbeid med detaljregulering for FV. 57 Skodvin- Vågseidet. Hovudføremålet med reguleringa er gang og sykkelveg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til veg. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

I det vidare arbeidet vil vi leggje særleg vekt på:

- Areal- og transport
- Arkitektur og estetikk
- Barn og unges interesser
- Friluftsliv
- Folkehelse
- Landskap
- Kulturminne
- Samferdsel
- Universell utforming

### Meir om kulturminne

Hordaland fylkeskommune vil minne om pkt. 2 i dei regionale retningslinene i Fylkesdelplan for kulturminne der dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Vi ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne i det aktuelle planområdet. Nordlege del av den aktuelle vegstrekninga er ein del av den Trondhjemske postvegen som har nasjonal kulturminneinteresse. Postvegen er mellom anna med i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan for veger, bruer vegrelaterte kulturminner. For meir info sjå verneplanen som ligg på Statens vegvesen si nettside:<http://www.vegvesen.no/Fag/Fokusomrader/Miljo+og+omgivelser/Nasjonal+verneplan/Objektene>. Vi kjenner per i dag ikkje til om det er intakte eldre delar av vegen att i dette området. Vi ber om at dette

blir belyst i planarbeidet, og at det blir teken omsyn til eventuelle eldre vegelement som kan knytast til postvegen.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan/startpakke](http://www.hordaland.no/plan/startpakke).

#### **Oppsummering**

Hordland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, friluftsliv, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming.

Marit Rødseth  
plansjef

Hanne Kathrin Vie  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamar:

Hanne Kathrin Vie, Regionalavdelinga, Planseksjonen

Heidi Handeland, Kultur og idrettsavdelinga, Seksjon for kulturminnevern og museum

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga, Transportseksjonen

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 BERGEN

Lindås kommune Kvernhusmyrene 20 5914 ISDALSTØ

Statens Vegvesen Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Vår dato: 05.02.2015  
Vår ref.: 201500269-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 13.01.2015  
Dykkar ref.: 2014/140277-004

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## **Innspel til oppstart av reguleringsplan - Fv57 Skodvin - Vågseidet - Gang- og sykkelveg - Lindås kommune**

Vi syner til Dykkar brev dagsett 13.1.2015. Saka gjeld oppstart av planarbeid for Fv.57 på strekninga Skodvin - Vågseidet. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for gang- og sykkelveg.

Dersom det vert planlagt inngrep i vassdrag må det gjerast greie for kva ålmenne interesser som er knytt til vassressursen, og kva konsekvensar inngrepa får for dei ålmenne interessene. Som døme på ålmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, ålmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn og liknande. Kantsona langs vassdrag er verdifull for friluftsliv og miljø. Vassresurslova § 11 stiller krav om at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs alle vassdrag. NVE rår til å nytte arealbrukskategorien Bruk og vern av sjø og vassdrag, jf. PBL §12-5 nr 6, til å merke vassstreng og kantsoner. Elv med kantsoner kan regulerast til "Natur og friluftsliv".

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Terje Systad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Deres ref.: Saksnummer 2014140277  
Vår ref.: 11505860

Dato: 11.02.2015

### **Merknader til varsel om oppstart planarbeid Fv 57 Skodvin - Vågseidet**

BKK Nett viser til mottatte varslingsbrev om ovennevnte planarbeid, datert 09.01.2015.

#### **Hensyn til høyspent distribusjonsnett – kabler og luftledninger**

Innenfor planområdet har BKK Nett flere 22 kV luftledninger, 22 kV jordkabelanlegg og nettstasjoner. Disse høyspenningsanleggene inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi, og er nødvendige komponenter i den lokale strømforsyningen.

Nevnte anlegg er bygget i medhold av områdekonsesjon, jf. energiloven § 3-2. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivretas.

Dersom planen skal forutsette omlegging av eksisterende høyspenningsanlegg, må det settes av plass til nye traseer for ledninger og/eller kabler og areal til nettstasjoner.

Vi gjør videre oppmerksom på at det som hovedregel er den som ønsker å få et høyspenningsanlegg omlagt eller flyttet, som selv må bære kostnadene med dette. BKK Nett vil måtte kreve full kostnadsdekning.

BKK Nett ønsker for øvrig å få vurdert mulighetene for å legge 22 kV høyspenningskabel langs Fv 57 i forbindelse med Statens vegvesens forestående tiltak.

Vi viser til vedlagt kartskisse som viser eksisterende nettanlegg i planområdet.

#### **Kontaktinformasjon**

Dersom planlegger eller tiltakshaver ønsker flere opplysninger om eksisterende distribusjonsanlegg, kan det tas kontakt med BKK Nett ved områdeansvarlig Jon Egil Einestrånd på telefon 951 63 868 eller e-post [Jon-Egil.Einestrånd@bkk.no](mailto:Jon-Egil.Einestrånd@bkk.no).

Det er viktig at eventuelle behov for forsterkninger, endringer eller omlegginger av elektriske installasjoner blir tilkjennegitt på et tidlig tidspunkt.

Vennlig hilsen  
BKK NETT AS




Per Ivar Tautra  
spesialrådgiver



Jon Egil Einestrånd  
områdeansvarlig






**Kartskisse Fv57 Skodvin Vågseidet**

Målestokk:	Dato:
1: 20 000	12.02.2015



BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000





### Kartskisse Fv57 Skodvin Vågseidet

Målestokk:  
1: 20 000

Dato:  
12.02.2015



BKK Nett AS, Kokstadveien 37, Pb. 7050, 5020 Bergen, Tlf. 5512 7000





## Statens vegvesen

Statens vegvesen Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Behandlende enhet:

Saksbehandler/innvalgsnr:  
Kjersti Tidemansen -

Vår referanse:  
2012/002533-005

Deres referanse:

Vår dato  
20.02.2015

### **164 Trondhjemske Postvei, Lindås kommune, Hordaland. Statens vegvesen sin verneplan.**

#### **Uttale: Varsel om oppstart av planarbeid fv. 57 Skodvin-Vågseidet: Gang og sykkelveg. Forhold til kulturminne (Askeladden id. 176554).**

Vi viser til Statens vegvesen Region Vest sitt brev av 29.01.2015 om varsel om oppstart av planarbeid for fv. 57 Skodvin-Vågseidet: Gang- og sykkelveg. Planen berører verneplanobjekt Trondhjemske Postvei, og saken er oversendt Norsk vegmuseum for uttale. Planen berører også ei verneverdig strekning av Trondhjemske Postvei som ikkje ligg i verneplanen.

#### **Kulturminnet sin vernestatus**

Trondhjemske Postvei i Lindås kommune er objekt nr. 164 i Statens vegvesen sin Nasjonale verneplan for vegar, bruer og vegrelaterte kulturminne, og har id-nummer 176554 i Askeladden. Vegen er ikkje freda, men er verneverdig og har nasjonal verneverdi etter verneplanen. Kulturminnet skal difor handsamast som eit kulturminne av nasjonal verdi.

Dei historiske vegstrekningane utan den formelle verneplanstatusen har også verneverdi. Ein hovudveg som Trondhjemske Postvei vurderast til å ha regional til nasjonal verneverdi.

Nasjonale verneplan skal nå rullerast, og det skal vere ein gjennomgang av verneobjekta. Dei registrerte vegstrekningane i verneplanen vil også bli vurdert i forhold til kva som er hensiktsmessig utstrekning for verneplanobjekta. Ein må ta høgde for endringar her, inkludert forlenging av vegstrekning i verneplanen.

#### **Skildring av vegminnet og kort historikk**

Trondhjemske Postvei mellom Bergen og Trondheim er eit omfattande veganlegg utført i dei siste tiåra av 1700-talet og byrjinga av 1800-talet, og er på om lag 695 kilometer til saman. 150 kilometer er kryssing av fjordar og innsjøar. Fleire parsellar av den

Trondhjemske Postvei er utvald til Nasjonal verneplan, for å vise breidda i utforminga som vegen har gjennom ulike landskapstypar. I Hordaland gjeld dette ein del av postvegen i Lindås, ei strekning på om lag 8 kilometer bygd kring 1800. Inkludert i denne strekninga er også to hellebruer frå kring 1800. Veggen vart lagt ned som offisiell postveg i 1868. Denne parsellen viser postvegen gjennom eit småkuppert landskap, og verneverdien skal sjåast i samanheng med dei utvalde parsellane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

Postvegen vart bygd på vegne av den dansk-norske staten, og i Bergen stift var generalvegmeister Christopher J. Hammer byggherre. Postvegen fylgde stadvis eldre vegar, og stadvis bygde ein ut nye parsellar veg. Dei nye parsellane vart bygd etter datida sitt vegbyggingsprinsipp, «det franske prinsipp», med karakteristiske rette liner på vegane. Fleire lange strekningar av Trondhjemske Postvei er bevart, og det er generelt god teknisk standard på vegen. Postvegen viser ein tydeleg bygd kjøreveg frå tida ein moderniserte vegnettet i Noreg ved å bygge om eldre gang- og ridevegar til kjørevegar, eller bygde heilt nye kjørevegar.

### **Reguleringsplanen sitt forhold til Trondhjemske Postvei**

Den nye gang- og sykkelvegen er planlagt på vestsida av fylkesveg 57 mellom Vågseidet og Skodvin. Ved eigedomane gnr./bnr. 99/14 og 99/24 i den midtre delen av reguleringsplanen berører planen verneplanstrekninga. Fylkesvegen går nær postvegen her, og det planlagte tiltaket kan kome i konflikt med kulturminnet.

Den verneverdige strekningen av postvegen går vidare nordover frå dette punktet, og mot Vågseidet. På denne strekningen er ikkje Trondhjemske Postvei registrert, men den er kjend. Ut frå det som er kjend om vegen, og det ein kan sjå på flyfoto går fylkesvegen på nokon punkt svært nær postvegen. Tiltaket kan her kome i konflikt med postvegen. Dykkar Tine Eikehaug har planlagt innmåling av denne delen av Trondhjemske Postvei.

### **Bevaring av Trondhjemske Postvei**

Trondhjemske Postvei i Lindås har som nemnt nasjonal verneverdi etter landsverneplanen. Føremålet med verneplanen er å skaffe kunnskap om, og sikre for framtida eit utval av vegminne og vegmiljø som er representative for norsk veghistorie frå omkring 1537 og til i dag. Det er da viktig å sikre desse kulturminna, og samstundes ivareta dei verneverdige vegminna som ikkje er i verneplanen. Målet med å ta vare på dei historiske vegane er å ta vare på autentisiteten til kulturminna, slik at dei kan behalde særprega sine og verdien som kulturminne. I tillegg får vegminna større verdi når det er lengre og samanhengande strekningar som er bevart. Samstundes er det også eit sterkt ynskje at vegminna blir brukt, at dei er ei kjelde til rekreasjon og opplevingar og at dei blir halde vedlike.

### **Tiltak**

Vi ser at det kan bli konflikt med det planlagte tiltaket gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesveg 57, og ber planleggar vurdere to alternativ:

1. Ei løysing med bruk av Trondhjemske Postvei som turveg i staden for gang- og sykkelveg på strekningane der ein gang- og sykkelveg vil kome i konflikt med postvegen. Ein må da vike bort frå krava til gang- og sykkelveg for å ivareta mest

mogleg av verdiane til kulturminnet. I forhold til at ein eventuell turveg skal vere tilgjengeleg for alle, må ein da også sjå på korleis dette hensynet skal vegast opp mot hensynet til kulturminneverdiane. Stigningsforhold, dekke på vegen og påkoblingspunkt mellom historisk veg og ny gang- og sykkelveg er døme på faktorar som kan vere utfordrande. Det er ynskjeleg med ein konstruktiv dialog ved eit slikt arbeid, der ein også bør trekke inn erfaringskompetansen til personar med nedsatt funksjonsevne. Norsk vegmuseum ynskjer å vere involvert.

2. Ei løysing der gang- og sykkelvegen blir flytt til austsida av fylkesvegen, for å unngå konflikt med Trondhjemske Postvei. Dette bør vere aktuelt å vurdere dersom kulturminneverdiane til postvegen må vegast tyngre enn hensynet til tilgjengelegheit for alle.

Vi ber om ei attendemelding på dette frå planleggar i god tid før reguleringsplanen skal leggst ut til offentleg ettersyn.

Med helsing  
Norsk vegmuseum

for

Geir Atle Stormbringer  
Direktør

Kjersti Tidemansen  
Rådgjevar

**Fra:** Håkon Vabø  
**Til:** [Firmapost-Vest](#)  
**Emne:** Parkeringsplass ved Vågseidet  
**Dato:** 13. februar 2015 11:12:51

---

Hei,

Viser til infomøte i Lindåshallen 29.jan. 2015 om gang/sykkelveg fra Skodvin til Mongstad.

Turgruppen i Lindås idrettslag har en populært turmål for allmenheten, Skausnøya (363 moh.), som ligger ved Vågseidet. Antall besøkende på turmålet har økt hvert år og den samme utviklingen ser ut til å fortsette  
Antall besøk i sesongen 2013/2014 var over 10.000.

Startpunktet for denne turen er på østsiden av FV-57, ca. 250m sør for 60-sonen ved Vågseidet. Det er en busslomme på hver side av FV-57 i dette området, og begge disse busslommene blir brukt til parkering av folk som går denne turen.  
Dette er ikke helt bra, men det er nå slik det har blitt.

Som informert om på møtet, har vi et sterkt ønske om å få på plass godkjente parkeringsplasser i dette området. Håper med dette at det kan legges inn planene i tilknytning til den planlagte gang/sykkelvegen. Det er ønskelig at antall parkeringsplasser blir 20-25.

Vennligst bekreft av e-posten er mottatt.

mvh  
Turgruppen i Lindås Idrettslag

---

Håkon Vabø  
Tlf.: 416 86 592

Statens Vegvesen Region Vest

Askedalen 4

6863 Leikanger

Nordhordland Sykkelklubb v/Atle Vaage

Selfallet 62

5936 Manger

13.02.2015

## **Vedrørende oppstart av planarbeid for gang- og sykkelveg Skodvin-Vågseidet**

Viser til varsel sendt 12.01.2015. Nordhordland Sykkelklubb takkar for at vegvesenet inviterer oss til å koma med innspel i saka.

Klubben ønskjer først og fremst å retta takk til vegvesenet for at ein prioriterer utbygging av gang og sykkelveg. Vi stiller oss likevel undrande til at denne strekninga vert prioritert no, så lenge det er så mange andre uløyste behov i område med langt fleire innbyggjarar enn Skodvin-Vågseidet.

Vi tillet oss her å peika på strekninga Hilland-Alverstraumen-Kalnes i Radøy, strekninga frå Knarvik til Leiknes-Hjelmås, og strekninga Frekhaug mot Sagstad skule som døme på prosjekt vi meiner burde vore gjennomført først.

Området Skodvin-Vågseidet har få innbyggjarar, og det er heller ingen planar om større utbyggingar her i næraste framtid. Skodvin skule si framtid er usikker, og få eller ingen elevar går eller sykklar langs den aktuelle trasèen. For våre medlemmar som nyttar vegen til aktiv trening med sykkel, vil gang og sykkelvegen uansett neppe bli brukt. Større grupper av sykklistar utgjer ein fare for fotgjengarar på gang og sykkelveg. Dette vil vera slik inntil Norge tek til å byggja desse slik ein td gjer i Danmark, der ein merkar opp for fotgjengarar og sykklistar i kvar sine felt.

Nordhordland Sykkelklubb oppmodar difor Statens Vegvesen om å leggja denne planen på is, og i staden nytta pengane som eventuelt er løyvd til prosjektet for å sikra mjuke trafikantar i område i Nordhordland med høgare befolkning.

Mvh for Nordhordland Sykkelklubb

Atle Vaage - leiar

**Fra:** [Firmapost-Vest](#)  
**Til:** [Basset Eilin](#)  
**Emne:** VS: Saksnummer 2014115979»  
**Dato:** 20. januar 2015 12:05:02

---

**From:** Nina Larsen [mailto:ninasaetre@gmail.com]  
**Sent:** 20. januar 2015 10:59  
**To:** Firmapost-Vest  
**Subject:** Saksnummer 2014115979»

Hei.

Når jeg i dag leser på Lindås kommune sine nettsider at dere åpner for å lage en gang- og sykkelvei mellom Skodvin og Vågseidet ble jeg veldig glad!

Jeg vokste opp på Vågseidet og følte meg til tider isolert da det ikke fantes gangveier rundt oss, og var da avhenging av buss eller at mine foreldre skulle kjøre meg for at jeg skulle komme meg trygt frem, for det å gå langs veien var ikke trygt da bilistene ikke tok hensyn til de myke trafikantene. Etterhvert som flere og flere har fått øynene opp for Skausnøya som en fin skogstur parkerer flere og flere biler på busslommene, noe som gjør at de myke trafikantene blir enda mer utsatt da det ikke er lett å få øye på dem innimellom alle bilene.

Hadde man fått gang- og sykkelvei fra Skodvin til Vågseidet hadde gjerne flere parkert på Vågseidet og gått langs veien før de gikk på fjellet, enn å parkere nærmest mulig da de ikke har en trygg vei å gå.

Jeg håper virkelig at dette forslaget får gjennomslag, slik at det blir trygt for stadig flere og flere myke trafikanter som ferdes på Vågseidet.

Mvh

Nina Sætre Larsen



**MOTTATT**  
- 3 FEB 2015  
**Statens vegvesen**  
Region vest

Lindås vegur 1755 30 / 1 / 2015

2014140277-12  
352-1263

Statens Vegvesen  
Region Vest.

Saksnummer 2014140277

Angående sykkelvei frå Skodvin skule-  
Vågeidet.

Eg ønsker sykkelveien videreført på  
samma side som Skodvin skule ligg,  
over min eiendom.

Med helsing

Lindbjørn T. Boqvik

Lindås vegur 1755.

**Fra:** Elin Gaulen  
**Til:** [Firmapost-Vest](#)  
**Emne:** skodvin-vågseidet  
**Dato:** 1. februar 2015 19:16:08

---

Hei takk for infomøte. Godt at planlegginga er i gang på noe vi har gleda oss til i 40 år. Vi ønsker selvfølgelig å ha gang og sykkelveien på vestsiden da det er der det bor flest folk, og det er der den påbegynte gangveien er.

Annet jeg ønsker å legge til er at Gaulen innkjørselen er veldig farlig, kanskje det hadde vært mulighet å legge i litt asfalt på østsiden slik at det går an å kjøre forbi når vi venter på å få kjøre inn til Gaulen. Der kan det oppstå kø midt i svingen og kan til tider være litt farlig.

Mvh

**Elin Gaulen**

Mob: 92 65 33 55

**Fra:** Tore Skår  
**Til:** [Firmapost-Vest](#)  
**Emne:** sak nr 2014140277  
**Dato:** 3. februar 2015 15:30:08

---

Ang bygging av gang og sykkelvei langs fv 57

sak nr 2014140277

Driver gård og har en parsell med slåttemark langs den planlagte gang og sykkelstien. Gårds og bruksnr 91/4

Ber om at dere lager en avkjørsel slik at eg kjem inn på slåttemarka med traktor. Også under byggeperioden, dersom den er samtidig som eg skal høste slåttemarka.

Det går en dreneringsgrøft fra slåttemarka og ut under der gang og sykkelvei er planlagt.

Fint om der tar hensyn til den under byggeprosessen, slik at den fungerer fint også etter at veien er bygget

Mvh Tore Skår tlf 90043420

**Fra:** marcin.gadzinski  
**Til:** [Basset Eilin](#)  
**Emne:** Re: Fv.57 Skodvin-Vågseidet; foot- and cycle path  
**Dato:** 10. februar 2015 17:37:25  
**Vedlegg:** [Plan for fence.pdf](#)

---

Hi,  
In attachment you will find a sketch.  
If something is not clear enough , tell us please.

I have a question ..  
Is it possible to get from you a plan for example , with a distance from house to the property border ?  
It would be easier for us to build the fence .

Sincerely. Med vennlig hilsen .

Gadzinski Marcin

Dnia 30 stycznia 2015 17:26 Basset Eilin napisal(a):

Hi,

Thanks for coming yesterday and thanks for informing us about your construction project.

Please send all your commentaries to this e-mail address : [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

(Put this project number in the title of the e-mail: 2014140277). We have set the 13th of February as deadline.

As agreed, I send you a more precise map so that you can draw on it if you want where your fence will be. If you have time too, you could also draw where the postroad goes (since you go often on it), it would be helpful for us.

As we said to you yesterday, your fence is something you and the municipality agree on, but it's good for us to know about it.

About the historical postroad, the end of it (the last 400m before your house) is not registered within the national protection plan for historical roads, so it doesn't have a special status. But it seems that it ends at your place, that's why many people are going on it until your house. It's good that we take up these issues together, so that we can think about a good solution for the foot- and cycle path in this area.

Since the whole presentation was in Norwegian, you may have other questions. Don't hesitate to contact me if so (by e-mail or by phone).

Also, one day next week, one colleague of mine might come to Lindås to take a look at the Trondhjemske Postveg. I apologize in advance for the disturbance.

Have a nice weekend,

Best regards  
Eilin Basset

**Norwegian Public Roads Administration**


**Postal address:** Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

**Office address:** Spelhaugen 12, FYLLINGSDALEN

**Telephone:** +47 55516343 **Mobile:** +47 94186051 **e-mail/Lync:** [eilin.basset@vegvesen.no](mailto:eilin.basset@vegvesen.no)

[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-mail:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Please consider the environment before printing this e-mail



**Fra:** Svein Tonning  
**Til:** [Firmapost-Vest](mailto:Firmapost-Vest)  
**Emne:** Fwd: Vedr. fremføring av kommunalt vann til boligfeltc.  
**Dato:** 10. februar 2015 11:57:16

---

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

**Fra:** Svein Tonning <[svein.tonning@hotmail.com](mailto:svein.tonning@hotmail.com)>  
**Dato:** 10. februar 2015 10:56:12 GMT  
**Til:** Arne Eikefet <[Arne.Eikefet@lindas.kommune.no](mailto:Arne.Eikefet@lindas.kommune.no)>  
**Emne:** Vedr. fremføring av kommunalt vann til boligfeltc.

Viser til vårt møte dne 3. desember 2014. Vi diskuterte div traseer for fremføring av kommunal vannforsyning til mitt planlagte og også eksisterende boligfelt på Brundtland. Gnr 91, bnr 42 og 44.

I ettertid er det kommet varsel om oppstart av planarbeid for gang-og sykkelvei langs FV57 Skodvin-Vågseidet.

Eg vil med dette foreslå at det blir lagt trekkerør til vannledning langs denne vegen til byggefeltet. Denne vegen vil passere ganske nær grensa til boligfeltet.

Det som da gjenstår er evt Konglevoll-Skodvin. Rekner med at det blir vannforsyning i fremtiden frem til i alle fall Bruvoll Camping. Det er jo lagt trekkerør ved det nye krysset på Konglevoll.

Eg er i ferd med å samle grunneiere som kan være interessert i denne løsningen. Tenker her på nevnte Bruvoll Camping, planlagt boligfelt ved camping, ungdomslag, bedehus, butikken, Skodvin Skule og div private.

Det er og meldt interesse for kommunalt vatn i det eksisterende boligfeltet på Brundtland grunnet dårlig vannkvalitet.

Ser på dette som en bedre løsning enn å gå fra Træland. Da kan ikkje eg knytte på fleire kunder langs traseen.

Det ble i sin tid bevilget penger til et prosjekt på Hundvin. Skal ha et møte med tidligere involverte i dette prosjektet, men det kan tidligst bli i slutten av denne måned.

Sender derfor dette brevet nå for å overholde frist satt av Statens Vegvesen i skriv til grunneiere i forbm oppstart av planarbeid. Ber om at dette blir tatt med i nevnte plan. (Brev fra Statens Vegvesen dat. 12.01.2015 v/Svein Lysø)

Mvh

Svein Tonning

Connie Stormark

(grunneiere av gnr 91 bnr 42 og 44.)

Sendt fra min iPad

Fra: Geir Rune Skodvin  
Til: [Firmapost-Vest](#)  
Kopi: [Lysø Svein](#)  
Emne: VS:  
Dato: 12. februar 2015 20:48:31  
Vedlegg: [IMG\\_0232.jpg](#)

---

[Ref bilde som vedlegg.](#)

Februar 2015

## **Ang. Bygging av sykkelsti/tilkomstvei forbi hytte Lindåsvegen1880.FV57 Skodvin Vågseide**

Høsten 2003 ble jeg kontaktet av Anders Gjerstad medlem av foreldrelaget på Skodvin Skule i forbindelse med at elever på Skodvin Skole ønsket en tryggere skolevei forbi min hytte. De hadde fått midler og tillatelse til å starte arbeidet som et dugnadsprosjekt. Argumentet var at min hytte og Bruntlandshytten (150 meter lenger sør for min hytte) hadde uoversiktlige utkjørsler og måtte samles i en felles utkjørsel. Min oppgave var å flytte gjerde to meter innover slik at det ble plass til sykkelstien/tilkomstvei. Fra porten min og frem hvit stripe er det i dag 5,10m etter at gjerde ble flyttet.

Veien ble anlagt med grusdekk som i dag er grodd igjen men jeg har vedlikeholdt den og bruk den som utkjørsel til hovedveien. Jeg regner med at jeg også i fremtiden vil kunne bruke sykkelstien som fremkomstvei til tomten. Gården på andre siden er slektsgården til min familie. Dersom det blir satt opp autovern mot hovedvei, håper jeg at det blir en åpning slik at

jeg kan krysse veien på føttene i nærheten når jeg skal til båten i Skodvins vannet. Hvis veien følger tilkomstveien som ble laget på dugnad ser jeg positivt på prosjektet.

Jeg har fått med meg at det vil ta minst 5 år før sykkelstien er ferdig utført. Dersom det er mulig å motta sub etter høvling av asfaltveier som jeg kan bruke til vedlikehold av eksisterende utkjørsel hadde det vært fint. Mulig dere kan gi meg et tips på hvordan jeg går frem.

**Eier av hytte Lindåsvegen 1880**

**Geir-Rune Skodvin**

**Nordåsbråtet 50**

**5235 Rådal**

**TLF 91561914**

***Mailadresse: geir.rune.skodvin @evry.com***





# INNSPILL PLANARBEID SKODVIN-VÅGSEIDET

12.02.2015

Statens Vegvesen region Vest v/Svein Lysø

Kopi: Jorunn Nesheim , Eilin Basset , Frode Moen Aarland , Sindre Lillebø , Astrid Aarhus Byrknes , Syklistenes Landsforening

Hei,

Her er noen innspill til planarbeid for g/s fra Vågseidet til Skodvin. Jeg håper dere vurderer hvert enkelt punkt. Jeg forventer svar.

- Bredder. Veien bør lages bred, slik at hvis noen husstander må se seg nødt å kjøre på g/s til og fra bolig og Fylkesvei, slipper syklistene å stoppe sykkelene og evt.gå av sykkelene.
- Skille mellom fotgjengere og syklistene. Syklistene bør ha eget felt, og fotgjengere eget felt, uten nødvendigvis fysisk sperring.
- Fysisk skille mellom harde og myke trafikanter. Autovern.
- Oppgradering av eksisterende Fylkesvei. Eksisterende Fylkesvei bør også oppgraderes.
- Hvis sykkelvei blir lagt på vestsiden, må jeg krysse veien for å komme meg over til sykkelveien. Vi er 6 personer. Der bør det lages en trafiksikker løsning.
- Det enkleste er å legge den på østsiden. Da har du mer areal å ta av, samtidig som du unngår skjeringen i svingen sør for kontrollplassen.
- Belysning langs g/s. g/s bør også belyses ekstra godt om vinteren.

Mvh

Thomas Vågenes

TELEFON

E-POST

